



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)  
16/7772

Dato  
23.06.2016

## **Eventuell sak til fylkeseldrerådet - vanskar knytt til Nettbuss sine krav om forhandstinging av biletter**

I Gloppen eldreråd sitt møte 30.mai 2016 vart det under ordet fritt teke opp at mange eldre strevar med kjøp av biletter, etter at Nettbuss innførte sitt krav om førehandstinging av bilettar på bussane mellom Sogn og Fjordane og Oslo.

Det lokale reisebyrå har mange hendvingingar frå eldre som treng hjelp til førehandstinging. Reisebyråa har ikkje lenger høve til å skrive ut bussbilettar, men hjelper dei som vender seg til dei for å få hjelp, gjennom å gå inn på nett og betale med kort. For denne tenesta tek dei eit servicegebyr på 100,- kr. Dei kjenner til fleire tilfelle der folk har blitt ståande igjen på grunn av at bussen er full.

Gloppen eldreråd reknar med at dette ikkje berre gjeld eldre i Gloppen, og har eit ønskje om at fylkeseldrerådet tek tak i saka på vegne av kommunane i Sogn og Fjordane. Det er truleg eit tidsspørsmål før det vil gjelde også andre buss-selskap. Vi har inga forventning om at ordninga vert reversert, men meiner at det bør finnast alternative løysingar for eldre og andre som ikkje er aktive på nettet.

Med helsing

Beate O. Kornberg  
rådgjevar samfunnsutvikling / sekretær for Eldrerådet i Gloppen  
tlf. 416 39 230

